

## **Prioriteringar, prinsipp og satsar for tildeling av statleg driftstilskot til høgare yrkesfagleg utdanning for 2026 i Møre og Romsdal**

Fylkeskommunen skal etter lov om høgare yrkesfagleg utdanning sørge for at fylket har tilbod om akkreditert høgare yrkesfagleg utdanning (HYU) i samsvar med behovet for kompetanse lokalt, regionalt og nasjonalt. HYU skal gi kompetanse for å løyse oppgåver i arbeidslivet utan fleire opplæringstiltak og vere i tråd med behovet for kvalifisert arbeidskraft i samfunnet.

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), har gitt fylkeskommunane i oppdrag å fordele vidare tilskot til private og offentlege fagskolar i Møre og Romsdal. Det er opp til fylkeskommunen å bestemme kva prinsipp som leggast til grunn for tildelinga, men fylkeskommunen er pålagt å bidra til eit mangfald av private og offentlege fagskolar. Tilskotet skal kome studentane til gode, og nyttast til studiar som er akkrediterte av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT). Fylkeskommunen sine plikter følger av Oppdragsbrev om forvaltning av tilskot.

Driftstilskotet til fagskolar skal bidra til at HYU dekker kompetansebehova i samfunnet, og det er avgjerande at fagskolane har eit nært samarbeid med arbeidslivet og aktuelle fagmiljø. Tilskotet skal også stimulere til god kvalitet og auka gjennomføring.

Kunnskapsdepartementet har fastsett fire mål for driftstilskotet:

1. Høg kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning
2. Yrkesretta høgare yrkesfagleg utdanning
3. God tilgang til høgare yrkesfagleg utdanning
4. Effektiv og solid fagskolesektor

### **Prioriterte kompetansebehov**

Ved behandling av søknadar blir det lagt vekt på at utdanninga skal dekke eit kompetansebehov i Møre og Romsdal. Strategiar og planar i Møre og Romsdal fylke blir også lagt til grunn, særleg Fylkesstrategi for kompetanse 2024 – 2027. Vi viser også til kunnskapsgrunnlag for kompetanse <https://kompetanse.mrfylke.no/>. Det vil også bli lagt vekt på at det ved utforminga og gjennomføringa av studiet er teke omsyn til berekraftsmål, det grøne skiftet, behovet for energieffektivisering og sirkulære løysingar.

Vidare vil vi prioritere tildeling av driftstilskot til utdanningsar som bidrar til å dekke kompetansebehova innanfor eit eller fleire av dei følgande områda (ikkje prioritert rekkefølge):

- Teknikk og industri
- Maritim og marin næring
- Helse, omsorg og oppvekst
- Reise-, kultur- og opplevingsnæringer

Om kompetansebehova i fylket tilseier det, kan det også bli gitt tilskot til fagskoletilbod på andre område enn dei som er omtalt i punkta ovanfor.

## Føresetnadar for å søke om driftstilskot

- Utdanninga det søkast om tilskot til må vere akkreditert av NOKUT, eller bli gitt av ein fagskole med fagområdeakkreditering innanfor det aktuelle fagområdet.
- Fagskolar som tilbyr stadbaserde utdanninger må ha studiestad i fylket.
- Fagskolar som tilbyr nettbaserte tilbod med samling må ha kontoradresse eller studiestad i fylket.
- Fagskolar som tilbyr reine nettbaserte tilbod må ha kontoradresse i fylket, og synleggjere at studentar dei mottek tilskot for er rekruttert frå fylket.

## Prinsipp for tilskotsforvaltning

Møre og Romsdal fylkeskommune forvaltar driftstilskot til høgare yrkesfagleg utdanning innanfor dei økonomiske rammene som til ein kvar tid vert stilt til rådighet.

Det blir lagt vekt på at utdanninger er tilgjengeleg for eit brent utval av søkerar i heile fylket, at utdanninga er relevant og tilpassa aktuelle studentar sine behov.

Vidare vil følgande forhold bli tillagt vekt ved vurdering av søknadar:

- Fagskolen har samarbeid med lokalt arbeidsliv og fagmiljø lokalt og nasjonalt, for å sikre at studia er relevante i fylket
- Utdanninga legg opp til kontakt mellom student og arbeidsliv i løpet av studietida
- Utdanninga gir kompetanse som kan takast i bruk for å løyse oppgåver i arbeidslivet utan ytterlegare opplæringstiltak
- Studiepoengproduksjon og søkartal ved fagskolen og det aktuelle studiet over tid
- Fagskolen har eit fagmiljø med fagleg styrke, kvalitet og evne til utvikling
- Fagskolen legg til rette for at studentane får innføring i studiemetodikk og bruk av digitale hjelpeemiddel

Ved behandling av søknadar kan fylkeskommunen avgrense talet på fagskolar som blir gitt tilskot til samanliknbare studie om det er grunn til å tru at studentgrunnlaget ikkje er stort nok. Under elles like vilkår, vil fagskolar som tidlegare har motteke driftstilskot bli prioritert før nye tilbydarar.

Om fylkeskommunen gir tilskot til oppstart av eit studium, forpliktar vi oss også til vidare finansiering slik at fagskolen kan sikre at studentar som har starta på eit studium kan fullføre dette innanfor planlagt progresjon. Ein fagskole som startar opp eit studium er forplikta til å sikre at studentane kan fullføre studiet.

Driftstilskot for første semester blir utbetalt som eit rammetilskot berekna ut frå tilseigna som er gitt, forutsett at studiet blir starta. Om reelt studenttal ved oppstart er høgare eller lågare enn det som er lagt til grunn ved tilsegn, blir tilskotet for første semester ikkje endra.

Innrapportert studenttal til Nasjonal database for statistikk om fagskoleutdanning (DBH-F) vil bli lagt til grunn for berekning av tilskot andre semester. Maksimal tildeling vil vere avgrensa til studenttalet det vart gitt tilsegn om tilskot til. Studenttal andre semester vil vere grunnlag for berekning av tilskot til studiet er avslutta.

Gratisprinsippet skal gjelde for finansieringa av Høgare yrkesfagleg utdanning i Møre og Romsdal. Fagskolar som søker driftstilskot kan ta ei avgrens avgift på inntil 1000 kroner. Avgifta skal berre dekke administrative kostnadjar.

Tilsegn om tilskot til drift av studiar vil bli gitt i tråd med fylkeskommunen sitt årshjul for forvaltning av HYU. Driftstilskot blir utbetalet to gonger årleg, i tråd med føringar gitt i retningslinjer frå Kunnskapsdepartementet.

Møre og Romsdal fylkeskommune opererer ikkje med ettertildeling/krav om tilbakebetaling av tilskot berekna ut frå produserte studiepoeng ved ein fagskole, kjent som resultatbasert tilskot. Tilskotet fagskolane får utbetaalt årleg er 100 % av tildelinga.

Eksterne offentlege fagskolar som søker tilskot må dokumentere at tilbodet det vert søkt om blir gitt i eit formalisert samarbeid med Fagskolen Møre og Romsdal.

Fagskolar som mottek økonomisk støtte frå fylkeskommunen til ei eller fleire høgare yrkesfaglege utdanningar, må halde seg til dei føresetnader fylkeskommunen gir i budsjettet, tilsegn og tilskotsbrev og til føresegner i lov om høgare yrkesfagleg utdanning.

Om fylkeskommunen ikkje bruker opp midlane til høgare yrkesfagleg utdanning det året midlane er tildelte for, kan fylkeskommunen overføre midlane til året etter. Midlane må nyttast til det same formålet.

### **Tilskotssatsar**

Fylkeskommunen nyttar ulike satsar for ulike utdanningar på bakgrunn av ulike driftskostnadene.

Fagskolen må ved søknad opplyse om kva form studiet vil bli tilbode i. NOKUT må ha gitt godkjenning av den aktuelle forma i sitt vedtak om akkreditering.

Deltidsstudium får tilskot basert på satsane i % av studiebelastninga per år (til eksempel: 30 studiepoeng per år gir 50% tilskotssats).

<b>2025</b>	<b>Studiepoeng per år</b>	<b>Tilskot per år</b>
Heiltidsstudium - stadbaseret	60	Kr 98 000
Maritime fag - stadbaseret	60	Kr 166 000
Heiltidsstudium – nettbasert*	60	Kr 83 000

\*Satsar for nettbaserte studium inkluderer fysiske samlingar